

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 14.09.2017

SAKLISTE

- SKRIV OG MELDINGAR
- DELEGASJONSSAKER
- BRUKERSTYRT PERSONLIG ASSISTENT – VAL AV DRIFTSMODELL
- GODKJENNING AV REGULERINGSPLAN GÅTA. GBNR. 95/353 BYRKNES
- OMSORGSPLAN 2016-2030. STATUS AUGUST 2017
- RAMMER TIL LOKALE FORHANDLINGER 2017
- REGULERING AV INVESTERINGSBUDSJETTET 2017
- INNKJØPSREGLEMENT
- KVALITETSMELDING FOR OPPVEKSTSEKTOREN 2017
- KOMMUNAL VASSFORSYNING TIL ÅNNELAND
- INNSPEL FRÅ GULEN KOMMUNE TIL REGIONAL TRANSPORTPLAN FOR SOGN OG FJORDANE 2018-2027
- GRUNNSKULEOPPLÆRING FOR MINORITETSSPRÅKLEG UNGDOM

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10:00.

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordførar

Frå ordføraren



Kjære alle!
Ein våt sommar går mot hell, og høsten står for døra. Sommaren i år har vore ein prøvelse for bøndene, både i første og andre slåtten var det store problem med regn og våte bakkar som det var uråd å kome utpå med maskinene.

Ein håpelaus situasjon, håpar dei fleste no har fått avlinga i hus.

I år var Landsskytterstevnet i Førde, og skyttarlaga våre var blant dei som hadde

flest skyttarar påmelde. Og også i år var det dei unge skyttarane som gjorde det best. Fantastisk skyting der mange av dei hevda seg heilt i landstoppen. Eg er stolt over det arbeidet som vert gjort i desse laga.

Utkantfestivalen var nok ein gong eit vellukka arrangement med over 12000 deltakarar. Dette er god reklame for kommunen vår, og eit høgdepunkt for både unge og oss litt meir oppi åra. Eg håpar og trur at festivalen har framtida for seg, det er ein kjempejobb som vert gjort kvart år både av arrangørane og alle dei frivillige som er i sving.

Det er kjekt å sjå at barnehagane både i Hovden og i Brekke tek form, likeeins PU-bustadane på Dalsøyra og byggefeltet i Eivindvik. Vi har mange store og kostnadskrevjande prosjekt på gang for tida, men dei er alle viktige for ei god utvikling av kommunen vår.

I høst er det val til Storting, og når dette kjem ut er vi nok heilt opp til valdagen. Media har lenge hatt stoff om valet, og det er ikkje alltid like lett å orientere seg i all denne informasjonen.

Eg vil oppfordre alle til å nytte stemmeretten sin, og vere med på å forme det samfunnet vi ynskjer. Det er gode mogelegheiter for å stemme både valdagen og på førehand.

Godt val.

Mvh
Hallvard Oppedal, Ordførar

Gulatingsprisen 2017 og frist for innspel



Den aller første Gulatingsprisen vart delt ut 11.12.2008.

Også i år ynskjer Gulen kommune å få forslag til

kandidatar til Gulatingsprisen. Føremålet med prisen er i følge statuttane å:

“Gje honnør til lag, verksemder, institusjonar eller einskildpersonar som siste året eller over lengre tid har gjort ein ekstra innsats for å utvikla næringslivet og eller lokalmiljøet i Gulen, enten gjennom eiga verksemd og/eller ved å leggja tilhøva til rette for andre”.

Kven synest du fortener Gulatingsprisen? Grunngeevne forslag sender du til Gulen Kommune: Eivindvikveien 1119, 5966 Eivindvik

Frist for innspel er fredag 10.11.2017

Formannskapet vurderer føreslegne kandidatar og tildeler prisen.

Bernhard og Borghild Indregaards legat og frist for innspel

Vi ynskjer innspel til mottakarar av Indregaards legat 2017. Frist for innspel er fredag 10.11.2017. Legatet har slike vedteker:

1. Styre/rekneskap/revisjon

- Gulen formannskap, som har fem medlemar, er legatet sitt styre, med ordføraren som styret sin formann.
- Legatrekneskapen vert ført av kommunekasseraren, som og er ansvarleg for at legatet sine midlar er trygt plassert til høgast mogeleg avkastning.
- Legatet sin rekneskap vert revidert av distriktsrevisoren.
- Revidert rekneskap vert lagt fram for styret for godkjenning.

2. Legatet sine midlar/avkastning

- Det vert ikkje føreteke utdeling før legatet sine midlar har nådd kr 100.000
- 50 % av avkastninga vert utdelt. Resten vert tillagt legatet sine midlar.

3. Formål

- Legatet skal vere til framhjelp for hagebruket, skogbruket, husdyrbruket, jordbruket og smånæringane.
- Legatet si avkastning - jf. punkt 2b ovafor - skal fortrinnsvis utdelast til personar som har gjort ein særleg innsats til framhjelp for jordbruket.

c. Bondelag og bondekvinnelag i kommunen kan og kome i betraktning ved utdeling frå legatet.

4. Kunngjering/disponering

- Utdeling frå legatet skal føretakast ein gong pr. år. Styret avgjer kva tid og på kva måte utdelingane skal skje. Enkeltpersonar, lag eller organisasjonar i kommunen skal fremje forslag til legatstyret. Utdelinga skal kunngjerast på den måten styret avgjer.
- Dersom legatstyret ikkje vil føreta noko utdeling eit år, skal den disponible del av avkastninga tillegast kapitalen.

Bli med på å gjøre en forskjell!



TV-aksjonen NRK 2017 går til UNICEFs arbeid for å gi utdanning til barn som er rammet av krig og konflikt. I år går TV-aksjonen av stabelen søndag 22.oktober.

Når barn i krig og konflikt ikkje får utdanning, står framtida til eit heilt land på spel. Årets TV-aksjon skal gi skulegang og håp til barn der krigen rasar.

Eitt av fem barn i krigs- og konfliktområder står i dag utan skulegang. UNICEF jobbar hardt og målretta for at barn ikkje skal få øydelagt framtida på grunn av dei voksne sine krigar og konfliktrar.

TV-aksjonen 2017 skal gi utdanning til barn i Colombia, Mali, Syria, Pakistan og Sør-Sudan.

For meir informasjon om tv-aksjonen les her: <http://www.blimed.no/om-tv-aksjonen-2017/>

Oppstart for kommuneplan

I medhald av plan- og bygingslova §§ 4-1, 5-2, 10-1, 11-13 og 11-17 har Gulen kommune vedteke oppstart av revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Endringar vil gjelde oppdatering av planen i samsvar med plan- og bygningslov, forskrift og regelverk.

Planprogram, som viser prosessen for planarbeidet, blir med dette lagt ut på høyring. På kommunen si nettside vert bebuarar i Gulen informert om prosess og

plan for arbeidet med rullering av kommuneplanen.

Høringsperioden for planprosessen er 03.08.2017 – 20.09.2017.

For nærare informasjon sjå www.gulen.kommune.no

Ny revidert forskrift er vedtatt

Ny revidert forskrift for vass- og avløpsgebyr er vedtatt i kommunestyret 22.06.17. Forskrifta trår i kraft 1. juli 2017. På faktura for 2. kvartal vart det informert om at det ville kome nye satsar for vass- og avløpsgebyr i samband med ny forskrift. Bakgrunn for revideringa er at tidlegare forskrift vart vedtatt i 2005. Lovene som denne forskrifta er bygd på er erstatta med nye lover. Forskrifta vart også opplevd som mangelfull på fleire områder.

Vatn er eit sjølvkostområde. Det vil sei at kommunen ikkje kan ta inn meir gebyr enn dei faktiske kostnadane kommunen har på området. Tidlegare fordelte årsinntektene seg med ca. 50 % abonnementsgebyr og ca. 50 % forbruksgebyr. Dette systemet subsidierar storforbrukarar, då kubikkprisen vert låg. For å få eit meir rettferdig system der dei som brukar mykje vatn må betale for det, må forholdstallet endrast. No er det lagt opp til ca. 20 % abonnementsgebyr og ca. 80 % forbruksgebyr. Det vil sei at den faste delen (abonnementsgebyret) vert lågare og den mengdeavhengige delen (forbruksgebyret) vert høgare, samanlikna med tidlegare.

HPU godkjente høringsutkast til revidert forskrift for vass- og avløpsgebyr i sak 015/17. Utkastet låg ute på høyring i tidsrommet 25. april - 5. juni på Gulen kommune si heimeside. Det kom inn eitt innspel.

NAV Gulen

Opningstider for drop inn: Tirsdag og torsdag frå klokka 09:00-14:00.

Dersom brukar vender seg til resepsjonen, kan vi kontaktes dersom det gjeld behov for akutt økonomisk sosialhjelp, dvs. nødhjelp.

Gjeld henvendinga spørsmål om pensjon skal brukaren ringe 555 53 334

Ved alle andre spørsmål skal ein ringe NAV kontaktsenter: 555 53 333.

Besøksheim for barn og unge

Gulen kommune ynskjer å kome i kontakt med familiar som kan tenke seg å vere besøksheim i helgar for barn/ungdom.

Vi ynskjer og kontakt med ungdom/vaksne som kan vere fritidskontakt på ettermiddagar.

Er du interessert eller ynskjer du meir informasjon kontakt oss.

Kontaktperson:
Kommunalsjef omsorg Ingebjørg Søreide
Ingebjorg.soreide@gulen.kommune.no

Spelemidler til idrettsanlegg 2018

Lag og organisasjonar som planlegg å søkje om spelemidler til idrettsanlegg i 2018 kan ta kontakt med kulturkonsulent for spørsmål og rettleiing.

Frist for å få søknaden inn til kommunen er **1. november 2017.**

Ny søknadsportal opnar 1. oktober. Ein kan derfor ikkje begynne å jobbe i søknadsskjemaet før dette.

Informasjon frå eining helse

Det blir redusert kapasitet på helsestasjonen ei tid framover. Helsesøster Hennie Lefdal har permisjon til august 2018, og vi har ikkje fått tilsett nokon i stillinga enno. Du kan nå helsesøster Linda Hantveit på telefon 577 82 086 eller mobil 41 46 41 16.

Det er også redusert kapasitet innan psykisk helse då vi for tida ikkje har sjukepleiar/fagleiar. Vi håpar det vil rette seg innan rimeleg tid. Nye brukarar må ta kontakt med fastlege inntil vidare.

Gulen Frivilligsentral søker etter reserve-besteforeldre.

Har du ledig tid og kapasitet og kan tenkje deg å hjelpe familiar med lite nettverk? Du må vere engasjert i born, kunne tenkje deg

å hjelpe med kvardagslege ting som å ta ein tur ut med bornet, følgje på ei trening, stikke innom for ein prat innimellom osv. Det skal vere like gjevande for deg som for familien du hjelper, så vi får ein vinn-vinn-situasjon.

Alle som skal ha eit tillitsforhold til born vil måtte vise fram politiattest, du får hjelp til å søkje.

Ta kontakt med Gulen Frivilligsentral om du er interessert.

Vi treng sjåførar i Frivilligsentralen



I samband med oppstart av dagtilbod for personar med demens har vi brukarar som skal ha transport til og frå dagsenteret (som er lokalisert på

gamlestova på Gulen Sjukeheim). Dagsenteret startar opp iløpet av september, og brukarane skal vere der frå klokka 10:00 – 15:00 to dagar i veka.

I starten har vi behov for transport frå/til Dalsøyra og Brekke. Om du vil bidra ein eller to dagar er opp til deg, som frivillig styrer ein sjølv. Likevel må vi ha ei forutsigbar avtale slik at brukarane er sikra transport. Vi krev politiattest, jfr helse- og omsorgstenestelova. Du vil få rettleiing i søknad om politiattest.

Det vil bli gjeve støtte tilsvarende kommunal kilometer-takst.

Har du kanskje lyst å fylle tida mellom tur og retur? I så fall kan du få vere med som frivillig på dagsenteret eller ta andre oppdrag for frivilligsentralen.

Er du interessert i å hjelpe? Ta kontakt med Vivian Våge, Gulen Frivilligsentral på mob. 92622607.

Nye tilsette på kommunehuset

Det er tilsett tre nye personer på kommunehuset i Eivindvik.

Ingvild Høydal er tilsett som leiar av ekspedisjonsavdelinga. Hun har tidligare vore tilsett som kulturkonsulent i

kommunen, men startar nå som leiar i ekspedisjonen etter Christine Louchtan. Ingunn Eide er tilsett som ny plankonsulent og tar over stillinga som Britt Foss tidligare hadde. Ho har mastergrad frå universitetet i Bergen i juss og har tidligare arbeide som lektor.

Dawit Weldekidan Manna er tilsett som miljøarbeider på NAV sitt kontor i Eivindvik. Han kom til Norge frå Eritrea i 2012 og har fullført mastergrad i administrasjon og organisasjon ved Universitetet i Bergen før han fekk jobb i kommunen.

Haustmesse i Oppedal Bygdehus

Kunst og handverksmesse. Sal av handarbeid og mat av ymse slag. «Kvistdamene» har open kafé med servering av varm suppe, pølser i brød, kaker og kaffi. Velkommen til ein hyggeleg dag på Oppedal.

Dato: 24.09.2017

Klokka: 12:00-16:00



- Taxi
- Rullestol
- Minibuss

Tlf. 577 83 100